



Årsmelding for 2017



19. juni 2018 var det stor markering av freding av Bandakkanalen i Vrangfoss. Foto Anne Lognvik.

Godkjent av styret 30. januar 2018

Godkjennast av årsmøte 28. mai 2018 jf. § 3 i vedtektene

Innhald

1. Samandrag	3
2. Innsats og resultat i regionalparken i 2017	5
Hovudmålet er ein betre besøkt reiselivsattraksjon	5
Marknadsføring og sal	6
Reiseliv og anna næring.....	8
Regionalparken som samarbeidsplattform	11
Finansiering av utviklingsprosjekt	14
Nasjonale og internasjonale nettverk	14
Landskapsforvaltning.....	15
Frivillig sektor	15
Kunnskapsutvikling og formidling	16

Årets høgdepunkt var at passasjertall på kanalbåtane auka for fjerde år på rad. Med 20 670 passasjerar i rute og 5 275 passasjerar i charter var dette det beste året sidan regionalparken starta.



1. Samandrag¹

Føremålet med Telemarkskanalen regionalpark er å auke området sin attraktivitet som reisemål og buplass, og å få til vekst og utvikling i næringslivet gjennom å foredle dei særprega ressursane knytt til Telemarkskanalen og kanallandskapet (vedtektene § 2).

Hovudmålet i strategiske handlingsplan 2012-16, forlenga til 2018,² er auka besøk.

Nøkkeltal for utviklinga frå 2016 til 2017.

- Passasjerar på kanalbåtar i rute: + 9,7 %
- Passasjerar på chartertur: + 14 %
- Slusing av fritidsbåtar: - 7 % i Skien og - 4 % i Ulefoss
- Besøk på sluseanlegga i Løveid, Vrangfoss og Lunde: -13 %
- Aktive på/langs kanalen (sykling, padling, vandring): Her har vi ikkje godt nok talgrunnlag, men inntrykket er at det var omtrent som 2016
- Kulturopplevingar langs kanalen: Besøk på kanalanlegga har gått noe ned, medan museum og musikkarrangement har auka.
- Overnatting: Hotella hadde om lag same belegg som i 2016.

I forhold til dei tre konsept/målgruppene for Telemarkskanalen har båtreisa hatt bra auke, medan dei andre konsept ikkje viser same framgang.

Sjå meir detaljar og kommentarar på side 5 bak og i vedlegg med kanalstatistikk.

I 2017 hadde regionalparken aktivitet på alle **satsingsområda i strategisk handlingsplan**, men mest på desse tre områda:

- **Marknadsføring og sal:** 2017 var det første driftsåret med ny organisering. Ansvar for marknadsføring, aktivt sal og booking, som i mange år blei utført av Visit Telemark, er no overtatt av båtselskapa med regionalparken som samarbeidspartnar og koordinator. Det har vore krevjande å etablere nye samarbeidsformar og rutinar. Men steg for steg kommer den nye organisering på plass. Salsresultatet for sesongen blei bra, og partane er positive til vidare utvikling av samarbeidet.
- **Reiseliv og anna næring:** Desse utviklingsprosjekta blei vidareført frå 2016: Vannvegens fortellingar, Fleire fritidsbåtar på Østkanalen, Cruise til Telemark, vandrarprosjektet og aktivt

¹ Samandraget oppfyller dei formelle krava til ein årsrapport.

² Styret vedtok i august 2017 at strategisk handlingsplan skal rulleras. Strategisk handlingsplan 2012-16 gjeld til ny plan er vedteke.

sal til grupper. I løpet av 2017 er det utgreia og/eller sett i gang fleire nye utviklingsprosjekt: Løveid Slusepark, lokal mat, nytt lys på brynestein, formidling i Lunde slusepark og overnatting i pakkbuer langs Bandakkanalen.

- **Regionalparken som samarbeidsplattform:** Som i 2016 har hovudinnsatsen retta seg mot dei private aktørane, med utvikling av formelle partnerskap og samarbeid om ny organisering av felles booking- og salsapparat.


Økonomien til regionalparken er god og føresetnadene for fortsatt drift er til stades.

Regionalparken har kontor saman med Telemarkskanalen FKF på fylkeshuset i Skien. Arbeidsmiljøet er godt og sjukefråværet lågt.

Verksemda har ikkje vesentlig påverknad på det ytre miljø. I administrasjonen er det ein mann og ei kvinne, pluss ei kvinne tilsett i prosjekt frå oktober 2016. I styret er det fem kvinner og tre menn.

Styret har ein representant for kvar av eigarane og er leia av Tarjei Gjelstad. Det har hatt fem styremøte og har handsama 29 saker.

Morgedal 30. januar 2018



Tarjei Gjelstad
Styreleiar




Torhild Jensen
Nestleiar




Stelmar Arntzen
Styremedlem



Tone Sofie Dale Solvang
Styremedlem




Roger Helmdal
Styremedlem



Signy Gjærum
Styremedlem



Bjørn Tvelto Lundefaret
Styremedlem



Mette Haugholt
Styremedlem



Pål Kleffegård
Dagleg leiar

2. Innsats og resultat i regionalparken i 2017

Årsmeldinga følgjer mål og innsatsområde i **strategisk handlingsplan 2012-16**, revidert i mars 2015 og vidareført i september 2016. Dei måla som står i rammene er frå denne planen.

I 2016 fekk vi også ein **marknads- og utviklingsplan for Telemarkskanalen 2025** som skal samle alle aktørane i regionalparken. Den har fire strategiske innsatsområde: organisering med partnerskap, opplevingsutvikling, marknadstilpassing og nye kanalløft. Planen er styrande for regionalparkens utviklingsarbeid og prosjekter.

Styret vedtok i august 2017 å starte revisjon av strategisk handlingsplan. Her skal marknads- og utviklingsplanen innarbeidas slik at regionalparken får eitt samla strategisk dokument.

Hovudmålet er ein betre besøkt reiselivsattraksjon

- **Antal besøkande skal auke med 10 % frå 2012 til 2016 på dei målbare attraksjonane.**

Målet om ein betre besøkt reiselivsattraksjon omfattar både dei tradisjonelle signaturprodukta til kanalen og opplevings- og servicetilbodet elles. Det er ei utfordring å få sikre tal for det samla besøket i regionalparken. Vi har relativt pålitelege tal for kanalbåtane, fritidsbåtar i slusene og stader med elektroniske teljarar. Elles må vi basere oss på rapportar frå aktørane, fortrinnsvis partnerane våre, og det generelle inntrykket frå sesongen. Sjå detaljar i vedlegget med kanalstatistikk.

Utviklinga frå 2016 til 2017 (endringar frå 2016 i parentes):

- **Kanalbåtane i rute** hadde 20 670 passasjerar i 2017 (+ 9,7 %). Dette er det fjerde året på rad med auke, og det beste resultatet sidan regionalparken starta. Og dette trass i at bookingsystemet ikkje var operativt før i mars, som var veldig seint. Om lag 90 % av passasjerane var norske, de fleste frå Oslo-området og Telemark.
- **Kanalbåtane i charter** hadde 5 275 passasjerar i 2017 (+ 14 %). Det beste resultatet sidan regionalparken starta. Med unntak av 2014, då to av båtane deltok i teaterprosjektet PS14.
- **Slusing av fritidsbåtar** Det var 542 båtar i Skien sluse (- 7 %) og 287 i Ulefoss sluser (- 4 %). Det er ei skuffande nedgang etter fin oppgang i 2016 og prosjektet for å få fleire fritidsbåtar til Østkanalen. Årsaken til nedgangen over tid er samansett. Dels er det færre fritidsbåtar og båtfolket har andre vanar enn før. Dels har det blitt mindre aktiv marknadsføring retta mot fritidsbåtar enn tidlegerare. Elles er inntrykket at dei som kommer i fritidsbåt er svært nøgde med opplevinga.

- **Besøk på sluseanlegga i Løveid, Vrangfoss og Lunde** var totalt 24 471 i juli (- 4 %) og 65 026 i heile kanalsesongen (- 10 %). Men det er stor variasjon. Løveid hadde 13 450 i sesongen (+ 7) som truleg skuldast at Løveid gjestgiveri og besøksgard hadde sin første fulle sesong. Lunde hadde 40 078 (- 20 %) i sesongen som bl.a. kommer av at Viser ved kanalen flytta sitt arrangement frå Lunde sluse til Strengen brygge i 2017. Vrangfoss hadde 11 498 (- 4 %). Her hadde vi venta auke, med lengre kafésesong, stor markering av fredinga og den nye kanalmodellen i løa.
- **Aktive på/langs kanalen (sykle, padle, vandre):** Her har vi så dårleg talgrunnlag at vi ikkje kan si noe sikkert om utviklinga. Men inntrykket er at det var omtrent som i 2016.
- **Kulturopplevingar langs kanalen:** Musea har til saman har flott framgang, men med noen variasjon. Det same gjeld for musikkarrangementa.
- **Overnatting:** Til saman hadde dei sju hotella vi har partnaravtale med om lag like mange gjester som i 2016 i kanalsesongen, medan campingplassane har hatt ein liten nedgang.

Vurdering: Resultata i regionalparken kan ikkje sjåast isolert. Totalt har Norge hatt stor framgang i sumarsesongen over fleire år, men det fordeler seg ikkje jamt over heile landet. Det er fram for alt Nord-Noreg og Fjord-Noreg som har fått veksten, medan Austlandet og Telemark har hatt relativ nedgang. For regionalparken har kanalbåtane fin auke, medan service og opplevingar rundt ikkje har ei tilsvarande god utvikling.

Marknadsføring og sal

Mål

- Bruke Telemarkskanalen som marknadsnamn for regionalparkens område, sjølve kanalen og kanallandskapet elles. Framheve at Telemarkskanalen består av to løp.
- Samarbeide med destinasjonsselskapa og aktørane om marknadsføring. Visit Telemark har en viktig rolle i å koordinere innsatsen.
- Arbeide for at Visit Telemark vidarefører og forsterkar rolla som felles marknadsførings- og salsorgan for aktørane i Telemarkskanalen.

I 2017 var det første året med **ny organisering av felles booking- og salsapparat for Telemarkskanalen**. I mange år hadde Visit Telemark ansvar for marknadsføring, sal og booking. No er desse oppgåvene delt i tre:

1. Marknadsføring blir framleis utført av Visit Telemark, men med ein klårare oppdragsrolle, der aktørane blir trekt tettare inn som bestillarar gjennom regionalparkens partnarskapsavtale. I

2017 utførde Visit Telemark marknadsoppgåver for 433 000 kr frå regionalparken, Telemarkskanalen FKF og dei tre båtselskapa.

Regionalparken ytte 100 000 kr til den felles marknadsføringa via Visit Telemark. Dessutan brukte vi mykje pengar til utvikling av telemarkskalen.no for å gjere den meir brukarvennleg og salsfremjande. Resultatet var stor auke i nett-trafikken. I tillegg var vi med på spleiselag til annonsering i TelemarksVeka på TV2, kampanjar for vandring, sykkel og andre annonsar i vekeblad og tidsskrift.

2. Det aktive salsarbeidet retta mot gruppemarknaden er lagd til eit toårig prosjekt som er finansiert av regionalparken, dei tre rutebåtselskapa og Visit Telemark. Kjersti Haland er engasjert som salssjef i to år frå oktober 2016, med regionalparken som arbeidsgivar. Arbeidet med gruppemarknaden er langsiktig, så effekten kommer først i 2018, men vi fekk ei auke i grupper også i 2017.
3. Bookingen med lisensen til bookingsystemet Citybreak er overtatt av Norwegian Travel Group (NTG), som også eig MS Henrik Ibsen og Dalen Hotel. Dei bookar kanalprodukt for aktørane mot provisjon. Dette første året har det først og fremst vore billetter til dei tre kanalbåtane, kanalbuss og noen av hotella. Systemet var ikkje operativt før i mars, så da blei innsatsen konsentrert om å selje båtturar og kanalbuss. Det blei i liten grad lagt til rette for å selje andre kanalprodukt, som overnatting, servering og opplevingar. Men det kommer etterkvart. I høysesongen var det eit servicekontor på Hjellebrygga i Skien som hadde ansvar for salstelefonen og service til gjestene. Det var leia av salssjefen, med ein sumarvikar og dugnadsinnsats frå Visit Grenland, MS Victoria og regionalparken.


Det er krevjande å få på plass ei ny organisering, med nye ansvarsforhold og rutinar, avtaler om provisjon osv. Det er etablert eit nært samarbeid mellom dei tre rutebåtselskapa og regionalparken, med regionalparkens daglege leiar og salssjefen som koordinator. Det har gått mykje tid til dette også i 2017. Det er regionalparken sin føresetnad at ein i prosjektperioden finn fram til eit varig driftsopplegg som gjer at salsarbeidet kan vidareførast av dei kommersielle aktørane. Mot slutten av året blei det bestemt å søke Innovasjon Norge om støtte til å vidareutvikle dette samarbeidet i eit bedriftsnettverk, som skal arbeide med internasjonal marknadsføring og samtidig legge grunnlag for ein permanent organisasjon. Søknad blir sendt til Innovasjon på nyåret 2018.

Reiseliv og anna næring

Mål: Ein betre besøkt reiselivsattraksjon.

Prosjekt som blei vidareført frå 2016


- **Vannvegens fortellingar**, med eit nytt arkitektonisk/kunstnarisk prosjekt i kvar av kanalkommunane og ei felles forteljing om vannvegen. Det er eit stort og tungt prosjektet som vil å gå over mange år. Det første delprosjektet er **Soria Moria**, ei spesialdesigna badstue på Tangane på Dalen. Etter planen skulle det den stått ferdig i 2017, men på grunn av ei klagesak - som blei avvist, blir det ikkje før våren 2018.



Teikning av Soria Moria

Nome var inne som neste prosjekt. Men ideen om installasjonar ved Ulefoss sluser viste seg å ikkje vere gjennomførlege, så dei trakk prosjektet. Deretter var Skien og Kviteseid aktuelle, men dei var heller ikkje riktig klare. Så no får truleg Notodden det neste delprosjektet. Dette gjeld ein aktivitetssti langs heile vassfronten mot Heddalsvatnet. I søknaden som Notodden sender til Kulturdepartementet på nyåret 2018 legg regionalparken inn 1 mill. av dei 4 mill. som vi fekk av Sparebankstiftelsen DnB til dei to første prosjekta.

- Regionalparken var prosjektansvarleg for prosjektet **Cruise Telemark**, som arbeider for å få fleire cruiseturistar til Telemark, frå hausten 2016 til hausten 2017. I 2017 var det to cruiseanløp. Begge hadde utfluktar til kanalen, med totalt 180 gjester, som alle uttrykte stor begeistring.
- **Fleire fritidsbåtar på Østkanalen.** Samarbeid mellom regionalparken, Notodden og Sauherad. Flagg og flaggstenger for å markere gjestehamner som blei sett ut. Vi lagde ny omtale av båtreisa mellom kysten og Notodden på telemarkskanalen.no og ei ny Facebookside for Båtfolk på Telemarkskanalen, og støtta fleire arrangement for fritidsbåtar. I 2018 er det planlagt å legge til rette uthamner med boltar og bøyer, nytt kart for fritidsbåtar og mudring før sesongen startar.



Fritidsbåtar ved Kolahuset, foto Marit Svalastog

- Regionalparken deltar i **vandreprosjektet** for Vest-Telemark, som frå 2018 blir utvida til å gjelde heile Telemark (2018-20). Dermed omfattar prosjektet heile regionalparken, med moglegheiter for å legge til rette for å marknadsføre vandreturar langs heile kanalen.

Nye prosjekt frå 2017

- 19. juni var det **markering av freding av Bandakkanalen** i Vrangfoss med båttur for inviterte gjester frå Ulefoss, eit lite historiske spel, fredingsseremoni, musikk og kaffi og kaker til alle. Det blei ein riktig flott folkefest med mange frammøtte i det nydelege sumarveret som fekk god mediedekning både lokalt og nasjonalt. Arrangementet var eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Riksantikvaren og Telemarkskanalen FKF med regionalparken som koordinator.



Historisk spel ved fredinga i Vrangfoss, foto Dan Riis.

- I 2017 var **Bandakkanalen 125 år**. I høve jubileet fekk vi laga forteljingar om Bandakkanalen på Visit Telemark sin Facebook-kampanje med Telemarkshistorier. Som ein del av markering av jubileet starta vi eit prosjekt saman med Vest-Telemark museum om **Brynesteinshistoria i Telemark**. I mars hadde vi eit godt besøkt møte med historielaga langs kanalen for å kople dei til prosjektet. I løpet av hausten kom finansiering av eit forprosjekt på plass, som startar vinteren 2018.
- Regionalparken deltar i det fylkesomfattande **sykkelprosjektet** som starta i 2017. Prosjektet legg vekt på å synleggjere eksisterande sykkelruter m.a. med ei eiga nettside. Kanalruta mellom Ulefoss og Dalen har fått status som fyrstårn i denne satsinga. I 2018 skal regionalparken lage til enkel overnatting for syklistar og padlarar i pakkhusa på Bandaksli og Fjågesund.
- Etter initiativ frå Skotfoss lokalutval har regionalparken gått i samarbeid med Skien kommune om å utvikle **Løveid slusepark** til ein betre besøkt attraksjon for folk og gjester i Grenland. Prosjektet er under oppstart. Aktuelle tiltak er betre skilting, marknadsføring av Løveid og av båtturen frå Løveid til Skien og formidling av kanalhistorie. Kommunen og regionalparken legg inn ei basisfinansiering og søker støtte frå eksterne kjelder for å gjennomføre større tiltak.
- Etter ynskje frå Lunde slusepark har regionalparken planar om formidling av kanalhistorie i den gamle låa til slusemesterboligen. Det er aktuelt å formidle den grunnleggande historia om vannvegen, som i Vrangfoss, og om vedlikehald av kanalen før og no. M.a. om Muddern som ligg rett ved. Vi vil søke støtte frå Sparebankstiftinga Holla-Lunde og Kulturrådet.

- Støtte til nye eller fornya lokale arrangement i 2017:

Arrangement	Kommune	Søknad	Støtte
Kanalveke Kviteseid	Kviteseid	50 000	37 000
Byfest	Notodden	40 000	32 000
Jubileumsfeiring Kullhuset	Sauherad	10 000	8 000
Per Gynt jubileum	Nome	2 000	2 000
Lårdal Upp	Tokke	6 000	5 000
Småbåtens dag Akkerhaugen	Sauherad	20 000	16 000
Lunde Triathlon	Nome	5 000	5 000
SUM		133 000	105 000

Regionalparken som samarbeidsplattform

Mål

- Ein samarbeidsplattform bak scenen
- Ein nettverksorganisasjon for eigarane
- Informasjon og synlegheit

Telemarkskanalen regionalpark er **eit interkommunalt samarbeid** etter Kommuneloven § 27 med ein liten administrasjon og eit stort nettverk.

Administrasjonen

Regionalparken har **to fast tilsette**, dagleg leiar Pål Kleffegård og prosjektkoordinator Frida Sviland. Etter eige ynskje og godkjenning frå styret har begge 80 % stilling. Dei frigjorde lønsmidla blir bruka til ulike prosjekt. I november melde Frida at ho ynskjer å slutte våren 2018, og det er sett i gang ein prosess for å rekruttere ein etterføljar i 100 % stilling.

Frå oktober 2016 er Kjersti Haland tilsett som **salssjef for Telemarkskanalen** i 100 % stilling i eit toårig prosjekt, med regionalparken som arbeidsgivar. Løn og driftsmidler er finansiert av regionalparken, båtselskapa og Visit Telemark. Ho har kontor i næringshagen i Kviteseid, med ein skilte kontordagar i regionalparkens lokale på fylkeshuset.

Frå hausten 2016 til hausten 2017 var regionalparken prosjektansvarleg for bedriftsnettverket **Cruise Telemark**, med ansvar for å føre rekneskap og å halde kontorplass for prosjektleiar Anne Bjørg Haugan, på vegne av bedriftsnettverket.

Noen prosjekt blir sett ut til prosjektleiarar hos kanalkommunar, destinasjonsselskap og næringselskap i regionalparken. I tillegg bruker vi private konsulentselskap når det er naudsynt for å få rett faglege kompetanse.

Administrasjonen har eit nyttig **kontorfellesskap med Telemarkskanalen FKF** på fylkeshuset i Skien. Arbeidsmiljøet er godt og fråværet lite. I desember 2016 vedtok fylkestinget å flytte Telemarkskanalen FKF til Ulefoss. Ettersom vedtektene til regionalparken (§ 8) seier at regionalparken har kontor saman med Telemarkskanalen FKF, blei konsekvensen at den skulle flytte med. Saka blei behandla av regionalparkens årsmøte i mai 2017, der vedtekta blei stadfesta. I desember blei det det avklart at det nye kontoret blir på Ulefoss senteret, der det skal etablerast en næringshage, med innflytting våren 2018.

Eigarane

Regionalparken er organisert slik at eigarane sine **administrasjonar** skal bidra til regionalparkens formål både i sitt daglege arbeid og på møteplassar som regionalparken organiserer. I starten var dette dei viktigaste samarbeidspartnarane for regionalparken. I dei siste åra har vi hatt meir samhandling med dei private aktørane og det valde styret. I 2017 har den administrative ressursgruppa hatt fire møte, to aleine, pluss deltaking i eit bransjetreff og eit partnarmøte. Fagnettverk for landskap har ikkje hatt møte i 2017.

Styret har ein representant for kvar av eigarane og er leia av Tarjei Gjelstad, med Torhild Jensen som nestleiar. Det har vore fem styremøte med 29 saker i 2017. I august vedtok styret å rullere gjeldane strategisk handlingsplan som var vedteken for perioden 2012-16.

I mars inviterte fylkeskommunen til **eigarmøte** om lokalisering av kanalen/regionalparken og framtidig utvikling av Telemarkskanalen.

Etter forslag frå styret vedtok årsmøtet endringar i vedtektene: § 3 Årsmøtet, § Styret, § 8 Administrasjon og vertskommune og § 9 Eiernes forpliktelser.

Partnarar

Sumaren 2016 inviterte regionalparken til formelle **partnarskap** med aktørar på og langs kanalen . Ved årsskiftet 2017/18 er det 19 partnarar, 12 av dei har vald ei avtale med 5 000 kroner i året til marknadsføring. Sjå oversyn i vedlegget.

Anna

Det planlagde **parkmøtet** i mars, med workshop om kundereisa, blei avlyst fordi det var for få påmelde.

I slutten av mai arrangerte regionalparken **bransjetreff** for turistaktører på Vrangfoss, med 25 deltakarar, med kanalbåt tur/retur Ulefoss, omvising på Vrangfoss og orienteringar. Formålet var at aktørane skulle oppleve og bli kjend med turisttilbodet til kanalen generelt, på Vrangfoss spesielt - og kvarandre.

I forkant av Stortingsvalet arrangerte Telemarkskanalen FKF kanalruise med stortingskandidatar, der regionalparken også deltok og fekk høve til å presentere seg.

I 2017 sende regionalparken ut to elektroniske **nyhendebrev** (to i 2016) til nær 500 mottakarar. Det har gitt grunnlag for fleire oppslag i media. I tillegg blir informasjon elles spreidd jamt til aktørane via Telemarkskanalen.no og på Facebook.

Årsbudsjettet i 2017 var på 2,9 mill. som er finansiert av eigarane og som går til administrasjon og utviklingstiltak. Sjå elles årsrekneskapen.



Finansiering av utviklingsprosjekt

Mål:

- Skaffe eksterne midlar til finansiering av utviklingsprosjekter i regionalparken.

I 2017 har vi arbeid med finansiering av desse prosjekta:

- Salsprosjektet: Her har regionalparken laga finansieringsmodellen som er utgifts- og inntektsbasert. I tillegg til provisjon er det økonomisk bidrag frå Visit Telemark, båtselskapa og regionalparken.
- Fritidsbåtar på Østkanalen: 50 000 kroner frå Notodden kommune og 50 000 kr frå Sauherad kommune, 100 000 kr frå regionalparken.
- Blue Hub: Eit Interreg-prosjekt om kopling mellom kanalbåtane og kollektivtrafikk. Vi deltok i ein søkarprosess som blei leia av Antwerpen. Den fikk aksept i første runde i 2016, men blei avvist i siste runde i 2017.

Nasjonale og internasjonale nettverk

Mål

- Utveksle kunnskap med andre regionalparker og fagmiljø.
- Bidra til forankring av regionalpark-konseptet som utviklingsstrategi.

Regionalparken er medlem av **Norske parker**, som organiserer lokale og regionale parker. Det er no ni etablerte parkar og parkprosjekt. Regionalparkens daglige leiar er medlem av styret. I 2017 har ein m.a. helde fram med arbeidet for å få statlege myndigheiter til å anerkjenne park som metode for regional utvikling.

Regionalparken er medlem av **Nettverk for europeiske vannvegar (NIWE)**, som driv erfaringsutveksling og planlegging av samarbeidsprosjekt. Vi blei med på ein Interreg-søknad om prosjektet 'Blue Hub', kopling mellom kollektivtrafikk på land og vann. Søknaden passerte fyrste nålauge i 2016, men blei avslått hausten 2017.

Landskapsforvaltning

Mål

- Auke kompetansen når det gjeld landskapsforvaltning hos regionalparken sine eigarar og aktørar, som grunnlag for å lage realistiske og langsiktige skjøtelsesplanar der det er viktigast for reiselivet.
- Gjennomføre konkrete skjøtelses- og tilretteleggingstiltak som styrker landskapsopplevingane og aukar aktiviteten i kanallandskapet.
- Mobilisere frivillige krefter til vedlikehald og skjøtsel i kanallandskapet.

Fagnettverket for kanallandskapet hadde ingen møte i 2017, mest fordi vi ikkje fant gode tema. Men det er lagd planar for eit nytt felles prosjekt. I 2018 skal Sauherad kommune lage ein temaplan for forvaltning av strandsonen i samarbeid med regionalparken, ein pilot som dei andre kanalkommunane kan lære av og ha nytte av.


Regionalparken hadde som vanleg øymerkt 75 000 kroner for å stimulere til **skjøtsel, tilsyn og vedlikehald** i kanallandskapet. I 2017 var det ingen som melde seg med prosjekt, så pengane blei ikkje bruka.

Frivillig sektor

Mål

- Meir engasjerte, stole og involverte innbyggjarar.

Telemarkkanalens venner er den einaste frivillige organisasjonen som berre rettar seg til kanalen og som dekkjer heile området. Det er ein liten, men viktig organisasjon som regionalparken har eit nært samarbeid med. Prosjektkoordinatoren deltar i styret og bidrar med informasjon og praktisk innsats. I 2017 ga foreininga som vanleg ut eit nummer av Slusegløtt, vidareførde arbeidet med å restaurere og ta vare på den gamle Mudder'n i Lunde og å sette ut gamle fyrlykter. Til saman har dei no sett ut ni solcellebaserte fyrlykter langs kanalen.



Her kommer fyrlykta på plass ved Digernes i Bandak.

I samband med prosjektet Brynsteinshistorie i Telemark melde regionalparken seg inn i alle dei lokale historielaga langs kanalen, og arrangerte eit møte for å involvere dei i prosjektet.

I prosjektet Fleire fritidsbåtar til Østkanalen samarbeider vi med båtforeiningane i området.

Regionalparken støtta nye arrangement og lokale initiativ med 65 000 kr i 2017. Fleire av tiltaka er i regi av frivillige organisasjonar.

Elles er dei fleste relevante organisasjonane på lokalt nivå. Etter strategisk handlingsplan er kontakten med dei frivillige fyst og fremst hos den einstilte kommune.

Kunnskapsutvikling og formidling

Mål

- Skape interesse for og utvikle kunnskap om lokale ressursar som grunnlag for vekst og trivsel.

Regionalparken deltar i forskingsprosjektet 'Heritage routes' i regi av tre nasjonale forskingsinstitutt. Temaet er kva som skjer når kulturarven, i form av gamle ferdselsveger gjennom landskapet, blir gjort til ein vare. Pilegrimsleden til Nidaros deltar også. Prosjektet går frå 2015 til 2018 og er finansiert av Noregs Forskingsråd. Vi legg ikkje inn pengar, men noko arbeidskraft. Deltakinga kan gi regionalparken ny kunnskap og merksemd hos styremakter og i forskingsmiljø.